

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

50 år med akademisk allmenmedisin

Institutt for allmenmedisin i Bergen vart høgtideleg opna 21. april 1972. Markeringa er omtalt anna stad i denne spalta. Men sidan Paraplyen er eit blad for medlemmer av Den norske legeförening, er dette ei anledning til å fortelje kor sentral legeföreninga har vore i utviklinga av det som i dag er eit sterkt, stort og leiande miljø for akademisk allmenmedisin i Norge.

Instituttet vart etablert som ei gáve frå Legeföreninga, som betalte alt i 5 år, mot at universitetet deretter overtok. Dette var same modellen som var brukt i Oslo i 1968. Også seinare har fond frå Legeföreninga bidratt med store midlar til Bergensmiljøet.

I 1992 kom Noklus, Norsk kvalitetsforbedring av laboratorieundersøkingar, til Bergen. Noklus har gjennom 30 år hatt ein samla omsetning på godt over ein milliard kroner, har 40 tilsette i Bergen, og det er eit mangeårig sterkt forskingssamarbeid med oss i Fagområde for allmenmedisin ved UiB. I 2015 kom SKIL – Senter for kvalitet i legekontor, som no er godt integrert i instituttmiljøet.

Utdanningsfonda har i alle år tildelt allmenpraktikarstipend på 1-6 månadsverk. Om lag 200 legar i vår region har hatt slike stipend, det tilsvarar 50 årsverk på 50 år! Allmenmedisinsk forskningsfond, AMFF, tildeler doktorgradsstipend til allmenlegar, i alt 180 millionar sidan starten i 2008, av dette 25% eller 45 millionar kroner til om lag 30 personar i vår region.

Vi spelar også på lag med Legeföreninga når det gjeld årlege Grunnkurs D, praksislærarkurs og mange små og store samlingar som får støtte til program og reiser. Og til slutt: Legeföreninga innførte ein takst i Normaltariffen til legar med doktorgrad, som ein kompensasjon for dårleg løn til stipendiatar og ei belønning for graden, slik som på sjukehus. Kvar år dette gir dette ca. fem millionar på deling til eit par hundre fastlegar med doktorgrad.

Stor takk til Legeföreninga frå det akademiske miljøet i allmenmedisin i Bergen!

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Ph.d. om helsen til syriske flyktningar

Jasmin Haj Younes disputerte 26. januar 2022 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Health and Healthcare Access and Utilization Among Syrian Refugees Migrating to Norway". Hun har studert syriske flykntingars helse og livskvalitet før og etter flukt til Norge.

Syriske flykntingar som ankommer fra Libanon, opplever forbedring i helse og livskvalitet det første året. Forbedring i livskvalitet har sammenheng med boforhold, tilgang til informasjon, sikkerhet, økonomi og bruk av helsetjenester. De aller fleste har hatt kontakt med fastlegen sin det første året.

Jasmin Haj Younes er utdannet lege fra Danmark og er fastlege i Kristiansand. Professor i allmenmedisin Esperanza Diaz har vært hovedveileder.

Allmenmedisin 50 år ved UiB 1972-2022.**Vil du delta i feiring?**

I forbindelse med at det 21. april 2022 er 50 år sidan opninga av Institutt for allmenmedisin i 1972, vert det **Fagseminar** på Alrek helseklynge kl. 11-16, med innslag av diskusjon, tilbakeblikk, sjølvskryt og framtid. Om kvelden blir det **Festmiddag** i Skyskraperen restaurant på Ulriksen. Påmelding til Kine-Marie.Moll@uib.no. Det blir bokselepp for **Jubileumshistoriebok** med nesten 400 illustrerte sider om instituttmiljøet, undervisninga og forskninga gjennom 50 år, ispedd anekdotar, analyser og oversikter. Boka er gratis og vert også digitalt tilgjengeleg på michaeljournal.no.

Allmenmedisin 50 år ved UiB 1972-2022 - Kortversjonen

Institutt for allmenmedisin vart opna 21. april 1972. Dosent i indremedisin Sigurd Humerfelt vart tilsett som professor, og hadde stillinga i 1972-1984. Han kom ikkje til dekkja bord. Det var i starten ikkje undervisning eller praksis, og ingen plass på studieplanen. Etter 12 år var det få timar undervisning og 1-5 dagar frivillig praksis.

Per Fugelli var professor 1984-1991. Da vart det lagt mange

planar for undervisning og forskning. Det vart obligatorisk utplassing, fleire timar på studieplanen og fleire tilsette. Fugelli var ein karismatisk leiar som la grunnlaget for sterkt vekst i fagmiljøet etter 1990.

1990-talet betydde vekst på alle plan. Allmenmedisin vart eit klinisk hovudfag, eksamen vart innført i 1994, læreboka i klinisk allmenmedisin kom i 1997 og forskninga skaut fart. Den første doktorgraden kom i 1990, så var det om lag ein i året fram til 2000, og dei siste 20 åra har det vore mange, totalt 102 på 50 år.

Faget fekk mange fleire tilsette, og nye fagmiljø vaks fram utanom universitetet, som Noklus, Allmenmedisinsk forskningsenhet og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin. I 2006 var det like mange allmenmedisinske forskarar i Bergen som i resten av landet til saman! Dei siste 15 åra har vore prega av auka anerkjening for faget, innovativ undervisning og god forskingsproduksjon.

Instituttet, no Fagområde for allmenmedisin, heldt til i Ulriksdal 8c fram til 2003, då vi flytta til Kalfarveien 31 og Pleiestiftelsen for spedalske. Sidan 2020 har vi vore ein del av Alrek helseklynge i eit flott nybygg på Årstadvollan.

Stipend frå AMFF

Allmenmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige doktorgradsstipend med oppstart våren 2022. Heile seks søkarar frå vårt miljø vart tildelt midlar denne gongen:

Siri Dalsmo Berge, fastlege i Arendal, om samlivsproblem på fastlegekontoret.

Jesper Blinkenberg, fastlege i Askøy, om øyeblikkelig hjelp innleggelse i sykehus.

Ina Grung, allmenlege i Bergen, om depresjon i allmenpraksis.

Lars Haugom, fastlege på Os, om urinvegsinfeksjon.

Ingjerd Jøssang, allmenlege i Stavanger, om medisinsk uforklarte plager.

Isabel Sebjørnsen, lege/forskar i Bergen, om akutt sjuke eldre.

Nytt AFU-stipend

Allmenmedisinsk forskningsutvalg (AFU) har tildelt stipend til fastlege Shagun Bhatia, Bergen, for et prosjekt om svangerskapsdiabetes.